



Arkivnr: 2017/17129-1

Saksbehandlar: Elisabeth Bjørsvik, Terje Haugsgjerd, Tone S. Haugland, Hanne Espe, Marius Kjørmo, Sturla Binder, Inger Lena Gåsemyr

## Saksframlegg

### Saksgang

Utval	Saknr.	Møtedato
Utval for kultur, idrett og regional utvikling		05.12.2017
Fylkesutvalet		07.12.2017
Fylkestinget		12.12.2017

## Premiss: Kultur. Regional plan for kultur 2015-2025. Handlingsprogram 2018.

### Samandrag

Saka gjeld handsaming av *Premiss: Kultur. Regional plan for kultur 2015-2025* med handlingsprogram for 2018 og statusrapport for 2017.

Regional kulturplan femner om fagfelte arkiv, bibliotek, fysisk aktivitet, idrett og friluftsliv, kulturminnevern og museum, kunstproduksjon og kulturformidling. Planen vart vedteke i Fylkestinget hausten 2014, sak PS 84/2014. Handlingsprogrammet vart deretter vedteke i Fylkestinget våren 2015, sak PS 11/2015. Handlingsprogrammet for 2017 med statusrapport 2016 vart handsama i fylkestinget i desember 2016, sak PS 104/2016.

Dette er område der kultur og idrett har som mål å vere ein premiss for samfunnsutviklinga. Kulturplanen har ambisiøse mål. Når planen skal rullerast i 2020, vil ein legge opp til å redusere talet på tiltak i handlingsdelen. Med dagens budsjettssituasjon er planen for omfattande, og satsinga må vere innan få, utvalde område etter ei streng prioritering. Dette vert synleg i handlingsprogrammet for 2018. Tilsvarande galdt og for budsjettåret 2017.

Ambisjonane om å arbeide med Kulturplanen meir på tvers i fylkeskommunen og utad, er starta opp og til ein viss grad gjennomført. I 2017 vart det gjennomført systematisk dialog med alle institusjonar og organisasjonar på kultur- og idrettsbudsjettet. Dette er eit grunnlag for vidare dialog og arbeid i 2018, og må prioriterast. I oppfølging av planen i 2017 var fire område prioritert: *Inkludering, Kulturregion Vestlandet, eit løft for profesjonelle kunst- og kulturinstitusjonar og Sykkel-VM*. Kultur- og idrettskonferansen 16. november var ein viktig arena for temaet inkludering og deltaking. Prosess rundt regionalisering tok til alvor til mot slutten av 2017 med felles fylkesting og nedsetting av samarbeidsnemnd. Kulturplanen sine tiltak og mål knytt opp mot Vestlandsregionen er såleis ikkje nådd langt nok i 2017. Innan museumsfeltet ser ein eit regionalt løft for institusjonane Sunnhordland museum, Museum Vest og Bergens Sjøfartsmuseum i fylkesrådmannen sitt budsjett for 2018. Sykkel-VM vart gjennomført 16.- 24. september 2017. Fylkeskommunen bidro med ekstra innsats til gjennomføring av eit godt arrangement på fleire område.

Kultur- og idrettsavdelinga sitt budsjett for 2018 er knytt til mål og satsingar i Kulturplanen. Streng prioritering innan vedtekne økonomiske rammer er nødvendig for å sikre måloppnåing. I 2018 er det ei satsing på Vestlandsregionen. Det faktiske arbeidet mellom avdelingar i dei to fylkeskommunane vil ta til i 2018. Vidare vil ein fortsette arbeidet med styrking av profesjonelle kunst- og kulturinstitusjonar. Ei utfordring er stadig bygg og driftssituasjon. Det er viktig å følge opp dialog og forventningar til kommunar og stat. Kartlegging av kulturfeltet i Hordaland vil vere eit verktøy i dette arbeidet, samstundes som ei slik kartlegging har ei breiare målsetjing. Digitalisering (mellom anna tiltaksområde Digital allmenning) omfattar korleis Kultur- og idrettsavdelinga kan styrke sine digitale tenestetilbod. 2018 vil vere ein

kartleggingsperiode av interne arbeidsprosessar og moglegheiter. Digitalisering er synleg i mange satsingar.

**Økonomi:** Oppgåvene er innafor budsjett.

**Klima:** Kartlegging av digitale tenester med tanke på fleire digitale tenester vil på sikt redusere litt av behovet for møteverksemd.

**Folkehelse:** Tiltaket vil ha positiv effekt på folkehelsa. Kultur og idrett vil vere ein viktig premis for samfunnsutviklinga. Deltaking i kultur- og idrettsaktivitetar har positiv effekt for mellom anna inkludering og deltaking.

**Regional planstrategi:** I samsvar med Plan- og bygningslova er heile kultur- og idrettsfeltet i Hordaland omfatta av den regionale planen. Planen med handlingsprogram er bygd opp rundt følgjande tema: busetnad og infrastruktur, formidling og deltaking, verdiskaping, samordning og samhandling.

### **Forslag til innstilling**

1. Fylkestinget ser at dei økonomiske rammene føreset strenge prioriteringar for å nå nokre viktige løft innan kultur- og idrettsfeltet i Hordaland
2. Fylkestinget vedtek dei satsingane som er gjort i handlingsprogrammet for 2018 med Kulturregion Vestlandet, løft for profesjonelle kunst- og kulturinstitusjonar og digitalisering.
3. Fylkestinget tek statusrapport 2017 til etterretning.

Rune Haugsdal  
fylkesrådmann

Per Morten Ekerhovd  
fylkesdirektør kultur og idrett

*Saksframlegget er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.*

## Fylkesrådmannen, 23.11.2017

Saka gjeld oppfølging av *Premiss: Kultur. Regional plan for kultur 2015-2025* med handlingsprogram for 2018 og statusrapport for 2017.

Fylkestinget handsama *Premiss: Kultur. Regional plan for kultur 2015-2025* hausten 2014, i PS 84/2014. Handlingsprogrammet vart vedteke i Fylkestinget våren 2015 i PS 11/2015. Regional kulturplan for Hordaland femner om fagfelte kulturminnevern og museum, arkiv, kunstproduksjon og kulturformidling, bibliotek, fysisk aktivitet, idrett og friluftsliv. Planen peikar på fire utfordringar for Hordaland: endringar i busetnad og infrastruktur, formidling og deltaking, verdiskaping, samordning og samhandling. Som grunnlag for planen ligg spørsmålet om kva samfunnsendringane betyr for utvikling og prioriteringar innan kultur og idrett. *Premiss: Kultur* viser til ambisjonen om at kulturpolitikken i Hordaland skal vere ein grunnleggjande premiss for samfunnsutviklinga og sikre at Hordaland er ein leiande kulturregion.

Gjennom kulturpolitikken skal ein fremje demokrati og yringsfridom, og bidra til at Hordaland har eit rikt, aktivt og mangfaldig kulturliv. Hordaland skal ha eit sterkt, profesjonelt kulturliv som fremjar skapande og frie kunstuttrykk. Kulturpolitikken skal vidare identifisere og styrke miljø og aktivitetar der Hordaland er eller skal vere leiande. Berekraftig utvikling og forvaltning av landskap, miljø og anlegg skal gi grunnlag for eit rikt kulturliv i heile fylket. Kultur skal vere integrert i utviklinga av alle samfunnsområde, med kvalitet i både tradisjonar og nyskaping. I samsvar med Plan- og bygningslova omfattar planen heile kultur- og idrettsfeltet i Hordaland, også verksemd som ikkje er del av fylkeskommunen sitt ansvarsområde. Målsettingane i planen skal nåast gjennom 39 innsatsområde og 154 tiltak.

Erfaring frå oppfølging av planen i 2015, 2016 og 2017 viser at det er naudsynt med stram prioritering. Reduksjon av talet på tiltak vil skje i samband med rullering i 2020.

## Oppfølging av kulturplanen i 2017

I 2017 prioriterte ein overordna tiltak med mål og utfordringar som involverer fleire aktørar. Tanken var at gjennom tiltak, mål, organisering og struktur skulle Kultur- og idrettsavdelinga arbeide meir heilskapleg og utadretta, slik at oppgåva som koordinator vart viktigare. Internt i Kultur- og idrettsavdelinga har ei arbeidsgruppe hatt Kulturplanen som særskilt oppgåve. Ei slik organisering av arbeidet har vore viktig for kontinuitet og felles oppfølging. Fylkesrådmannen ser at denne arbeidsgruppa har ei viktig rolle i oppfølging av Kulturplanen. Samstundes må ein ha fokus i 2018 på å trekke inn eksterne aktørar og andre avdelingar i arbeidet. Status for 2017 vil såleis primært vise Hordaland fylkeskommune sine kulturpolitiske prioriteringar.

Det er ikkje knytt ei særskilt fylkeskommunal løyving til oppfølging til kulturplanen. Det samla budsjettet for Hordaland fylkeskommune, og i særleg grad budsjettet for Kultur- og idrettsavdelinga, saman med til dømes statlege og andre eksterne midlar, var såleis ramme for arbeidet med planen. I tillegg kom ressursane som eksterne aktørar har. I vedtakspunkt 3 i Fylkestinget si handsaming av handlingsprogrammet, PS 11/2015, heiter det:

*Fylkestinget legg til grunn at handlingsprogrammet er innanfor dei årlege budsjetttrammene og rammene i økonomiplanperioden.*

I fylkesrådmannen sitt budsjettforslag for 2017 vart dette prinsippet for den økonomiske ramma og oppfølging av kulturplanen ført vidare:

*«I høve den samla fylkeskommunale økonomien er det ikkje rom for å gje støtte til alle dei gode regionale tiltaka. Dermed kan ein ikkje finne plass på budsjettet for 2017 til ei rekkje viktige større og nyskapande tiltak. Dette inneber krevjande utfordringar for Hordaland fylkeskommune og heile kultur- og idrettsfeltet både i 2017 og i åra framover.»*

Streng prioritering var såleis nødvendig. Dei fire hovudsatsingane i 2017 var: *Innsatsområde 5 Inkludering, Innsatsområde 11 Kulturregion Vestlandet, eit løft for dei profesjonelle kunst- og kulturinstitusjonane og sykkel-VM.*

Innsatsområde 5. Inkludering og deltaking: Den 42. Kultur- og idrettskonferansen i Hordaland vart arrangert 16. november med tema inkludering og deltaking. Der presenterte 10 organisasjonar og institusjonar i Hordaland korleis dei arbeider med inkludering og deltaking. Representantar frå Skottland og Danmark ga gode døme på korleis dei arbeider med deltaking – erfaringar som på ulike måtar kan nyttas inn i vårt arbeid.

Innsatsområde 11. Kulturregion Vestlandet. Prosess rundt regionalisering tok for alvor til mot slutten av 2017 med felles fylkesting og nedsetting av samarbeidsnemnd. Det faktiske arbeidet mellom avdelingar og kultur- og idrettslivet i dei to fylkeskommunane vil ta til i 2018. Dette er såleis ei prioritering som vert ført vidare i 2018.

### **Løft for profesjonelle kunst- og kulturinstitusjonar**

Kontakt med organisasjonane har vore prioritert. I 2017 vart det gjennomført systematisk dialog med alle institusjonar og organisasjonar på kultur- og idrettsbudsjettet. Dette er eit grunnlag for vidare dialog og arbeid i 2018, og må prioriterast, mellom anna fordi det gjev betre forståing av aktuelle utfordringar på dei ulike felta.

Den 15. november arrangerte Hordaland fylkeskommune i samarbeid med Kulturdepartementet innspelskonferanse om ny kulturmelding. Kulturinstitusjonane var inviterte til å halde innlegg med spørsmål knytt til kulturlivet i eit framtidsperspektiv. Slike møtestader og ressursbruk frå administrasjonen er eit verkemiddel i samhandling og synleggjering av behov. Til saman deltok meir enn 60 institusjonar frå Hordaland.

Innan museumsfeltet har ein i 2017 arbeidd for eit kommunalt, regionalt og statleg løft på fleire måtar. For Sunnhordland museum viser ein til sak PS 39/2017 i KIRU, Intensjonsavtale om konsolidering mellom Museum Vest og Bergens Sjøfartsmuseum til handsaming i Fylkestinget i juni, sak PS 54/2017 og rapport om evaluering av museumsreforma i Fylkestinget i oktober, PS 89/2017. Vedtak i sak om museumsevalueringa legg opp til prosessar med administrasjon, musea og kommunane.

### **Sykkel-VM**

Sykkel-VM vart gjennomført 16.- 24. september 2017. Fylkeskommunen bidro med ekstra innsats til gjennomføring av eit godt arrangement på fleire område.

### **Satsingar i 2018**

Tabellen på neste side gir ei oversikt over dei tilskotsordningane Kultur- og idrettsavdelinga har i oppfølging av Kulturplanen, med fylkesrådmannen sitt budsjettforslag for 2018 og midlane som vart løyvd i 2016 og 2017. Nokre av tilskotsordningane har både statleg og fylkeskommunal finansiering, andre er fylkeskommunale.

Tabell 1. Oversikt over fylkeskommunale tilskotsordningar ( heilt eller delvis finansiert med fylkeskommunale midlar). Tabellen er basert på fylkesrådmannen sitt budsjettframlegg. I 1000 kr.

Tilskotsordning	Tilskot 2016	Tilskot 2017	Forslag 2018
Forvaltning og drift av verna fartøy	500	1 000	1 000
Tilskot til verna kulturminne i Hordaland	973	992	2 000
BARK- bevaringsprogram for arkeologiske kulturminne	200	204	204
Museumsløft	2 000	2 000	2 000
Kulturelt utviklingsprogram	6 500	6 500	6 637
Tilskot kulturhus	Regionale: 8 119 Lokale: 3 372	9 500	9 300
Turskiltprosjektet	770	770	770
Kartlegging og verdsetting av friluftsområde i kommunane	428	428	428
Lavterskel fysisk aktivitet for born og ungdom	2 000	2 000	1 740
Kulturtiltak amatør/ Prosjekttilskot: kultur-amatør	400	918*	918*
Større kulturprosjekt med regional verdi/Prosjekttilskot: større kulturtiltak	1 000	1 020	1 020
Folkemusikkstipend		100	150
Kunstnarstipend	230	230	380
Kunstprosjekt og kulturtiltak – profesjonell/Prosjekttilskot: kunst og kultur profesjonell	800	1 358*	1 358*
Tilskot til sogelag/historielag og lokalhistorisk arbeid	150	153	155
Sikring og istandsetjing av verna fartøy	1 680	1 680	1 680
Fylkeskommunalt investeringstilskot	2 500	2 000	2 000
Utviklingsstipend idrett	125	180	180
Folkehelse/sysselvanar	500	500	500
Store og internasjonale seniormeisterskap	260	310	410
Modellbibliotek	300	300	300
Medfinansiering fleirbrukshallar - kommunane		4 000	2 000

Nytt i 2018 er tilskotsordninga «tilskot til verna kulturminne i Hordaland». Denne erstattar “vern og vøling av verneverdige bygg”. Gjennomføring av prioriterte tiltak i dei kommunale kulturminneplanane sine handlingsplanar er viktig. Midlane skal nyttast til planmessig oppfølging av prioriterte kulturminne av høg lokal og regional verdi i Hordaland.

\*Inkludert i dette beløpet er tilskot øyremerka barn og unge. Denne omlegginga skjedde i 2017, slik at det ikkje er ei reell auke frå 2016 til 2017.

### Løft for profesjonelle kunst- og kulturinstitusjonar

Satsingar i fylkesrådmannen sitt budsjett for 2018 er styrking av Sunnhordland museum sin driftssituasjon og konsolidering av Museum Vest og Bergens Sjøfartsmuseum. For Sunnhordland museum peikar fylkesrådmannen på at organisasjonen ikkje har ein økonomisk situasjon som står i forhold til dei tenestene eit profesjonelt museum skal levere. Fylkesrådmannen føreset at stat og kommunar bidreg til å setje organisasjonen i betre stand økonomisk og administrativt med forslag om ei auke i regional løyving på 633 000 kr. Det er lagt inn midlar til styrking av Museum Vest som del av konsolidering med Bergens Sjøfartsmuseum på 1 080 000 kr. Dette er i tråd med gjeldande museumspolitik og ei viktig kulturpolitisk sak i Hordaland. Fylkesrådmannen legg til grunn at budsjettet vert styrka over fleire år under føresetnad om at stat og kommunar bidreg på same vis.

For å nå målet om løft for dei profesjonelle kunst- og kulturinstitusjonane er det heilt sentralt at dei statlege løyvingane kjem. Hordaland har eit profesjonelt kunst- og kulturliv med store utfordringar og ambisjonar. I kvar grad ein lukkast med Kulturplanen innan dette feltet, er og avhengig av den fylkeskommunale budsjettssituasjonen. Ei hovudutfordring vil mellom anna vere realisering at eit nytt scenekunsthuss. For å kunne bidra til gode vilkår for det profesjonelle kunstfeltet er det viktig å styrke driftssituasjonen for dei sentrale institusjonane på feltet. På fylkesrådmannen sitt budsjett for 2018 er det sett av 300 000 kr til slikt utgreiingsarbeid.

Eit verkemiddel er synleggjering av kultur- og idrettslivet i Hordaland, mellom anna med omsyn til økonomi, gjennom utgreiingsarbeidet som skal i gang i 2018.

Det regjeringsoppnemnde Strategiutval for idrett, leverte 8. juni 2016 sin første rapport og understrekar fylkeskommunen si viktige rolle i høve analysar og vurderingar av anleggsbehov i regionen. For å kunne bruke tilgjengelege ressursar best mogleg er det viktig å hjelpe kommunane og lag med å få betre kunnskapsgrunnlag når det gjeld behov for anlegg og til å sikre større del av spelemidlane til Hordaland. Arbeid med måltal og synleggjering av kultur- og idrettsfeltet er ei prioritert oppgåve for 2018. I 2017 er det gjennomført fleire evalueringar som skal nyttast som grunnlag for eit slikt arbeid, til dømes evaluering av museumsreforma og evaluering av bygningsvernkonsulentordninga.

### **Innsatsområde Digitalisering**

Digitalisering er ei satsing for heile fylkeskommunen. For Kultur- og idrettsavdelinga inneber det mellom anna å sjå kva tenester ein kan tilby digitalt til brukarane og setje av interne ressursar til kartlegging og gjennomgang av arbeidsflytprosessar. Innsatsområdet Digital Allmenning er eit av dei områda i kulturplanen som har digitalisering som mål.

Eit anna døme er at fylkesrådmannen i sitt budsjett er det sett av 100 000 kr. til prosjekt «Kjelda», som går på å formidle offentleg produsert digitalt innhald på nettstadane til biblioteka. Prosjektet har fått kr 300 000 i støtte frå Nasjonalbiblioteket.

### **Særlege satsingar på kultur- og idrettsfeltet**

#### **Arkiv**

Fylkesarkivet er systemeigar for saks- og arkivsystemet ePhorte. I dette ligg å sjå fylkeskommunen som heilskap og systemet som heilskap når ein skal utvikle for framtida. Fylkesarkivet saman med IT vil fremme ei satsing på arbeidsflytprosessar (korleis arbeider vi i dag, kva forbetringstiltak er mogleg/ønskeleg?).

Definering og oppfølging av slike prosessar vil vere viktig i 2018. Ein føresetnad er at avdelingane sett av ressursar til slikt arbeid. Ei slik satsing fell inn under tiltaksområdet Digital allmenning.

#### **Bibliotek**

Etter vedtak i fylkestinga i Hordaland og Sogn og Fjordane, vil det i 2018 bli arbeidd med ei forsøksordning med regionalisering av nasjonale prosjektmidlar, som i dag blir forvalta av Nasjonalbiblioteket.

Tilgang til moderne og attraktive bibliotek (Innsatsområde 29A): Ein ønskjer å halde fram med modellbibliotekprogrammet, som har betydd mykje for dei 14 kommunane som har vore med sidan 2014. Prosjektet har vore delvis finansiert av utviklingsmidlar frå Nasjonalbiblioteket. I 2018 skal ein satse på to nye prosjekt med fylkeskommunal og kommunal finansiering.

Biblioteka som uavhengig møteplass og arena for offentleg debatt (Innsatsområde 30A og 30B):

Fylkesbiblioteket har fått 1. mill kr i støtte frå Gjensidigestiftinga til integreringsprosjektet Rom for møte i samarbeid med Bergen Off. Bibliotek. I 2017 var det utlyst kr 180 000 til prosjekt i sju bibliotek. I 2018 vil ein lyse ut same beløp. Fylkesbiblioteket vil halde fram med å gi tilbod om foredrag, utstillingar, debattar og andre kulturprogram til biblioteka i samarbeid med ulike aktørar som Folkeakademiet, Bjerknessenteret og Norsk klimastiftelse .

Digitale ressursar – tilgjenge, brukarmedverknad og nyskaping (Innsatsområde 32A, 32C): Med midlar frå Kommunal og regionaldepartementet skal bibliotektilsette få tilbod om kompetanseheving slik at ein kan rettleie brukarar i offentlege digitale ressursar. På grunn av endra rammevilkår, er det naudsynt å legge om konsortiet for innkjøp og utlån av elektroniske ressursar. I prosjekt Kjelda skal biblioteknettstadane utviklast med deling av kvalitetssikra digitale kjelder.



Lesing og formidling av litteratur (Innsatsområde 33 A, 33B og 33C): Det er ønskeleg å halde fram med ulike vellukka tiltak som stimulerer lesing og leselyst, til dømes aktivitetar som Bok til alle, Leseknappen, Somarles. og samarbeidet med Sogn og Fjordane om prosjekt Nynorske leseledarar, der også Rogaland er ein partar

### **Fysisk aktivitet, idrett og friluftsliv**

Det er ønskeleg å kunne ha eit større fokus på planarbeid. I kulturplanen heiter det i tiltak 36C at Regional og kommunal planlegging skal legge til rette for at areal, infrastruktur og anlegg gjer det lettare å vere i fysisk aktivitet. Dette tiltaket er knytt tett saman med fleire andre tiltak og satsingsområde. Gode planprosessar legg eit godt grunnlag for all kommunal utvikling og vert viktig i høve til å lage ein felles plattform for den nye fylkeskommunen frå 2020.

Idrettscampus Bergen er eit samarbeid mellom Hordaland idrettskrets, Olympiatoppen Vest, SK Brann, Høgskulen på Vestlandet, Universitetet i Bergen, Haukeland universitetssjukehus, Bergen kommune og Hordaland fylkeskommune for å styrke arbeidet med idrett, fysisk aktivitet og folkehelse i Hordaland gjennom å etablere møteplassar for kompetanseutvikling og -formidling. Styringsstruktur er etablert og mange delprosjekt er iverksett. Idrettscampus Bergen bidreg til å realisere fleire satsingsområder m.a. 36F Utvikle og tilgjengeleggjere fagkompetanse innan fysisk aktivitet vert sett i samanheng med dette arbeidet, tiltak 36A Utvikle og implementere ein modell for Aktiv skulekvardag i Hordaland for 60 minutt dagleg fysisk aktivitet i skule/SFO-tid og 36B Utvikle og gjennomføre modellar slik at fleire elevar i vidaregåande skule får godkjent karakter i kroppsøving på vitnemålet.

Anleggsutvikling er eit særskilt viktig tiltak for å auke aktivitetsnivået for alle i Hordaland. Fylkeskommunen har ei viktig rolle i høve analysar og vurderingar av anleggsbehov i regionen. For å kunne bruke tilgjengelege ressursar best mogleg er det viktig å hjelpe kommunane og lag med å få betre kunnskapsgrunnlag når det gjeld anleggsbehov og til å sikre større spelemiddelandel til Hordaland. Hausten 2017 innførte Kulturdepartementet eit nytt anleggsregister og dette vil i ein overgangsfase ført til meirarbeid for lag, kommunar og fylkeskommunen. I tillegg vil fokus vere på å bidra til å skape anleggsparkar som skal vere i bruk heile døgnet og skape gode synergjar for heile lokalsamfunnet gjennom å auke talet på søknader og kvaliteten på spelemiddelsøknader i Bergen kommune og i heile Hordaland. Dette er forankra i tiltak 36A og alle tiltaka under innsatsområde 39.

### **Kulturminnevern og museum**

Fylkeskonservatoren vil i 2018 ha eit fokus på førebuing av framtidig ansvars- og oppgavefordeling i samband med regionreformen. Nye ansvarsområder og oppgåver skal regionaliserast og ein kapasitet- og kompetanseplan må vere på plass før 2019. I samsvar med Regional planstrategi vil det i 2018 satsast på å få gjennomført den digitale kartfesting av kulturminne av regional interesse, samt oppstart av Regional plan for natur- og kulturminneressursar.

For kulturminneforvaltninga vil det i 2018 vere særleg fokus på kulturminne i høve samfunnsnytte og verdiskaping. Prioriteringane her gjeld verdsarv, berekraftig reiseliv, samt samarbeid med andre fylkeskommunar om kystpilegrimsleia og reiserute med opplevingar i det vestnorske kraftlandskap.

For museumsfeltet vil ein fylgja opp rapporten med evalueringa av museumsreforma og sjå nærare på korleis statleg og kommunal medfinansiering kan aukast. Nye konsolideringar, organisering og korleis styrking av samhandlinga med sivilsamfunnet vil vere viktige tema.

### **Kulturformidling og kunstproduksjon**

Hordaland fylkeskommune skal følge opp, vidareutvikle og stimulere eit særskilt kompetent og aktivt kunst- og kulturliv. Dette skjer i stor grad gjennom økonomisk støtte, både til drift og prosjekt. Det skjer ein kontinuerleg prosess med å målrette og styrke tilskota.

Det vil vere eit overordna tema å leggje til rette for og oppmuntre til eit mangfald i kulturuttrykk og deltaking. Hordaland fylkeskommune vil støtte initiativ og prosjekt som styrker dette og dei fylkesfemne organisasjonane på dette feltet har eit særskilt ansvar. Amatørkulturen må byggjast opp gjennom tilskot til regionale prosjekt og tiltak.

Det har vore ein nasjonal prosess med omlegging av kunst- og kulturformidling til skulen. Frå 1. august 2018 vert skulekonsertordninga slik ho har vore, lagt ned. Musikk vil då inngå som ein sjanger i det samla kunst- og kulturtilbodet til skulen.